

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

REFERAT FRÅ STYREMØTE, 25.11.2022

Lia Fjellhotell, Skurdalen i Hol.

Til stades: Odd Gunnar Vikan, Johan Vaa, Stein Verpe, Hans Myklatun, Gjermund Geirsta, Torgils Eide og Nils Bjørn Vistad. Torgils deltok i møte for Fjelloppsynet samstundes. Møtet vart avhalde i samband med haustmøtet for Hardangervidda dagen etter.

Sak 1. Reiseskjema Rutinesak.

Sak 2. Vedtektsending Villreinutvalet (VU)

Innleiande orientering ved Johan. Kommunesammenslåinga i Hardanger har mykje utløyst spursmålet om vedtekter, styresamansetnad og kommunerepresentasjon. Skal alle kommunar vera representert til ei kvar tid og skal arealet bestemme antall styremedlemmer frå h.h.v. Fjellstyre og HG. Eventuell arealstyrd representasjon tilseier at 5 av 8 styremedlemmer skal vera frå HG.

Det er freista etablert dialog med FH om dette, men saka blir i det store avvist frå FH så langt. Dei vil ha lik representasjon og at «gamle» kommunegrenser skal gjelde vidare. Eit stutt møte mellom Johan og Vebjørn på Lia Fjellhotell 25.11.22 endte i lite og ingenting.

Vedtak: *Saka vil bli fylgd opp frå HG si side, med eit brev (utkast v/Johan) til VU før årsskiftet.*

Sak 3. Invitasjon til dialogmøte

Sentrale politikerar (minister Sandra Borch (landbruk) og statssekretær Aleksander Øren Heen (klima og miljø)) har invitert til Teamsmøte om forvaltning av reinstamma,- der Odd Gunnar vil delta. Siste funn av simle med CWD har endra forutsetningane i saka.

Vedtak: *Odd Gunnar vil gjerne ha inn synspunkter på vinteruttak før teamsmøtet fyrstkomande torsdag (er meddelt styre og medlemmer i e-post 27.11.22).*

Sak 4. Restansegjennomgang

Ved siste purring ikr. august var der om lag 25 stk ubetalte kontingentar. Dette er p.t. minka til om lag 17 stk. Rask gjennomgang av uteståande årskontingenter.

Vedtak: *Respektive styremedlemmer gjennomfører ny purring.*

Sak 5. Heimesidene til HG

Det har frå tid til annan vore ymse feil i lengre tid på heimesidene våre. Sekr. ga ein kort orientering om stoda, og minte om at sidene ikkje blir løpande oppdatert om t.d. eit lagsmedlem skifter leiar. Slik oppretting skjer vanlegvis bare ei gong i året, normalt snarast etter eit årsmøte.

Vedtak: *Til orientering.*

Sak 5. Nye endringar i kontaktinfo. mot medlemmene

Ein rundgang i styret viste ingen kjennskap til endringar utover det som alt låg innmeldt.

Vedtak: *Til orientering.*

Sak 6. Status etter utsendt «vervebrev» til ikkje-medlemmer.

I februar sendte leiar ut eit brev til alle jaktvall ein ikkje hadde registrert som medlemmer i HG, med oppmoding om å vurdere medlemskap. Ein ser det slik at oppslutninga om HG godt kunne vore betre i høve den private grunneigarsida.

Vedtak: *Ein må ta til etterretning at HG sitt verveframstøyt ikkje ga resultater, og beklager dette,- ikkje minst i denne vanskelege CWD-stoda Hardangervidda er i nett nå.*

Sak 7. Revisjon av forvaltingsplanen

Saka kom opp som fylgje av at ein meinte det nå skulle vera tid for slik revisjon (nåverande plan er frå 2011), og at det er moment ved planen i dag ein ynskjer endra. HG var meint å ville purre på framdrift i saka. Då HG nettopp har fått melding om at arbeidet skal startas opp, fell behovet for slikt purrebrev til styresmaktene bort.

Vedtak: *HG er nøgd med at styresmaktene nå har meldt at dei vil starte opp arbeidet med revisjon av forvaltingsplanen for Hardangervidda. HG ynkjer å vera med i dette arbeidet,- og Odd Gunnar og Johan har alt meldt si interesse.*

Sak 8. Fellesmøte om forvaltninga av Hardangervidda

Det er bebuda eit slikt fellesmøte på Villreinsenteret (Skinnarbu) 18.-19.januar 2023, i regi av statsforvaltaren i Vestfold-Telemark.

Vedtak: *Odd Gunnar og Johan deltar i møtet.*

Sak 9. Anna

Det vart etterlyst kor arbeidet med «revisjon av sti- og løypeplanen» stod nett nå.

Pr. 29.11.22 meddeler Lise-Berith Lian (sekr. for Hardangerviddarådet) fylgjande i tlf.samtale:

- * Arbeidet er blitt eit år forsinka (skulle vore ferdig innan 2023).
- * Ein arbeider nå med å skaffe tilstrekkeleg «kunnskapsgrunnlag».
- * Det blir gjennomført opne møter på vårparten i kommunane for innhenting av lokale synspunkter.

Nils Bjørn Vistad skrivar